



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Protokoll frå fellesrådsmøte 27. februar 2018.

Desse møtte: Trygve Ebbesvik (leiar), Torbjørn Støylen (nestleiar),
May Lisbeth Hovlid Aurdal, Irene Hørte Høibakk, Svein Runde (prost) og
Arild Sporsheim (kyrkjeverje).

Forfall: Anne Karin Watters (kommunal repr.)

F-sak 1/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 2/18 Protokoll frå fellesrådsmøte 5. desember 2017

Vedtak:

Godkjent utan merknad

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 3/18 Fastsetting av rekneskapet for 2017

Kyrkjeverjen orienterte fellesrådet om eit negativt rekneskapsmessig årsresultat 2017 på kr. 142 674,-. Hovudårsakane til dette er:

1. Manglande kommunal etterbetaling for lønns- og prisvekst.
2. Høgare pensjonsinnskott i 2017 enn i 2016.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Rekneskapet for 2017 vart fastsett med eit negativt resultat på kr. 142 674,-.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 4/18 Revidert budsjett 2018

Kyrkjeverjen orienterte om at Sykkylven kommune ikkje har innfridd søknaden om ei kommunal ramme på kr. 4 601 352,- til drift administrasjon, kyrkjer og kyrkjegard 2018. Kommunestyret har vedtatt same ramma som i 2017 utan tillegg for lønns- og prisjustering. Sistnemnde utgjør i praksis eit kutt på om lag kr. 100 000,- (2,5%).

Kommunalt tilskott til kyrkjeleg fellesråd er dermed det same beløpet som både i 2016 og 2017, utan tillegg for lønns- og prisvekst; kr. 3 933 000,-.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd vedtok revidert budsjett etter forslag frå kyrkjeverjen.

Hovudpunkta for eit budsjett i ballanse er:

1. Kr. 150 000,- (til 25% løn ungdomsarbeidar) er ikkje trekt ut lik tidlegare år. Viser m.a. til samtalar med rådmannen der ho seier at SKF ikkje er forplikta til å overføre dette beløpet til 25% løn ungdomsarbeidar.
2. Kr. 300 000,- til investering er inntektsført mot kontonummer 18301, men bruken av desse (kontonummer 12001) er justert ned til kr. 205 374,50,-. Dette for å forsvare ei nedbetaling av tidlegare års meirforbruk/underskot (jf. neste pkt.) Viser til manglande utbetaling av investeringstilskot 2016 som mandat for å gjere dette.
3. Samla gjeld ved inngangen til 2018 er kr. 378 502,-. Dette er budsjettert nedbetalt over 4 år, med kr. 94 625,50,- pr. år.

Ut over desse merknadane er budsjettet for 2018 lagt inn med lik bemanning som i 2017 og dei øvrige budsjettpostane er i høve til forventa drift.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 5/18 Økonomiplan 2018-2020

Vedtak:

Økonomiplanen for 2018-2020 vart godkjent slik den ligg føre med mandat til kyrkjeverjen om å gjere nødvendige omprioriteringar i samråd med driftsleiaren.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

Orienteringar:

- Investeringar og vedlikehald i 2017
- Fondsoppstilling 2017
- Møte med rådmannen ang. den økonomiske situasjonen i kyrkja
- Møte med kommunen ang. moglege parkeringsløyising ved gamle Jarnes skule
- Infoskjermar i Sykkylven kyrkje
- Endringar i våpenhuset, Sykkylven kyrkje
-

Neste møte: 10. april 2018

Ref.:

Arild Sporsheim

Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Sign.: _____
Leiar

Sign.: _____
Nestleiar

Postadresse:
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Besøksadresse:
Kyrkjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Tlf.: 70 24 69 00 / 996 29 130
E-post: post@sykkylven.kyrkja / kyrkjeverje@sykkylven.kyrkja
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976997298 Kontonr.: 4045.30.34315